



## Statens vegvesen

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Marianne Skulstad / 55516253	Vår referanse: 16/78540-2	Dykkar referanse: 16/928 – 16/9606	Vår dato: 17.06.2016
------------------------------------	--	------------------------------	---------------------------------------	-------------------------

### Oppstart av reguleringsarbeid for Rylandshøgda – Rossland – Meland kommune

Vi viser til motteke varsel om oppstart av områdereguleringsplan for Rylandshøgda i Meland kommune.

Målet for reguleringsarbeidet er å leggje til rette for utvikling av områdesenteret Rossland. Det skal regulerast for bustader ved etablering av nye bustadfelt og fortetting av eksisterande bustadområde.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har òg ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

#### Planavgrensing

Delar av fylkesveg 564 Rosslandsvegen og fylkesveg 248 Eikelandsvegen ligg innafør varsla plangrense. Kryss med fylkesveg 248 levegen ligg òg innafør plangrensa. Statens vegvesen ber om at plangrensa vert utvida, slik at den delen av fv. 248 levegen som ligg parallelt med planområdet vert innlemma. Dette for å sikre areal til mjuke trafikantar på strekningen, som mellom anna fører til idrettsanlegget.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

### Planlegging av fylkesveggar

Statens vegvesen held på med oppstart av planarbeid for fv. 564 frå Fløksand til Vikebø. Denne parsellen går gjennom det varsla planområdet for Rylandshøgda. Formål med dette planarbeidet er trafikksikring av vegen ved å regulere eit samanhengande gang- og sykkeltilbod på strekningen. Vi har mål om å ha ein godkjent reguleringsplan 1. halvår 2018. Statens vegvesen ber om at vi saman kan finne ein riktig avgrensing av dei to prosjekta, og halde kvarandre gjensidig orientert om status.

Til orientering har Statens vegvesen avklart med Hordaland fylkeskommune at vi skal legge til grunn U-Hø2-standard på fv. 564 (jf. handbok N100), med ein total vegbreidde på 6,5 meter. Parallelt med vegen skal det planleggast gang- og sykkelveg på totalt 3,5 meter. Det skal vere 3 meter rabatt mellom køyrebana og g/s-vegen, og langsgåande sideareal (AVG). Det vil òg vere trong for å vurdere kryssutforming og kryssing for mjuke trafikantar. Kryss med fv. 248 bør inngå i plan for fv. 564.

Fv. 248 bør inngå i reguleringsarbeidet for Rylandshøgda. Statens vegvesen ber om at ein legg til grunn Sa2-standard med fortau, jf. handbok N100. I samråd med Statens vegvesen må det vurderast underveis om det er trong for fortau på begge sider av vegen, avhengig av korleis bustadområdene rundt vert utforma. Vi er positive til å bidra med nokre råd/avklaringar undervegs, når ein har kome i gang med planarbeidet.

Det må dokumenterast at dei planlagde vegtiltaka kan byggjast i samsvar med vegnormalane og at det er avsett tilstrekkeleg areal til dei i reguleringsplanen. Langsgåande anleggsbelte bør vurderast som ein del av planen. I område med krevjande grunntilhøve, må det også dokumenterast at det kan byggast veg på den aktuelle staden. Vi oppmodar til at vegfagleg kompetanse vert trekt inn i arbeidet med reguleringsplanen, for utarbeiding av tekniske teikningar for veganlegget i samsvar med handbok *R700 Tegningsgrunnlag*. Vi ynskjer å få teknisk plan til gjennomsyn før reguleringsplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn, og ønskjer at tekniske teikningar ligg ved saken i handsaminga.

Statens vegvesen er elles einig i vurderingane i bakgrunnsnotatet for områdeplanen, datert 07.04.2016, med vekt på delkapitla **Veg og Gange og sykkel**.

### Støy

Statens vegvesen gjer merksam på at områda langs fv. 564 og fv. 248 ligg i gul støysone. Vi minner om at det for desse områda må settast krav til støyfagleg utgreiing ved detaljregulering, jamfør retningslina for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442/2012).

**Byggegrense**

Statens vegvesen ber om at det vert regulert inn ein byggjegrænse på 30 meter langs fv. 564 og 15 meter langs fv. 248.

Statens vegvesen ser fram til eit godt samarbeid om vegløyningar i plansaken.

Plan og forvaltning – Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN